

## MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR

Prosjektnummer: 201908000	Plannamn: Detaljregulering for Børnes næringsområde	PlanID: 20190006
Dato: 13.01.2021	Merknader knytt til: Offentleg ettersyn	

### PRIVATE MERKNADAR

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Kommentarar og justering av planmateriale
Berit Skorpen m.fl., 04.09.2020	<p>Eigedom 134/3 omfattar restane av eit lite småbruk samt ei nausttomt. Syner til tinglyst målebrev og «semje» for nausttomta som grensar mot Eidsvik Skipsbyggeri. Registrerer at nausttomta er klassifisert som LNF-område i planforslaget – ingen har vorte varsla. Ber om at nausttomta vert teken inn i planen som nausttomt. Nausttomta låg ikkje innanfor plangrensa i førre reguleringsplan for området, me meiner at nausttomta ikkje bør vera ein del av planen. Me ber om at nausttomta vert teken ut av planen.</p> <p>Me ser at det er planlagt utretting av fylkesvegen og fortau på sørsida av vegen. Eigedomane på sørsida av vegen har mangelfullt avlaup, ikkje tilknytta det kommunale avlaupsnettet. Ber om at planlegging av eit sterkt turvande kommunalt avlaupssystem for eigedomane på sørsida av vegen blir teke med i detaljplanane for regulering av det aktuelle planområdet.</p>	<p>Gjeldande kommuneplan definerer eigedomen som LNF-område. Det er valt å ta ut eigedomen frå reguleringsplanområdet, slik at eigedomen berre vil inngå i KP. Merknaden er teke til følgje.</p> <p>Kommunen ser at reguleringsplanen som regulerer tiltak i fylkesvegen og tiltak som Uskedal vassverk planlegg, er innfallsport til å løyse situasjonen i området. Punkt om avlaupsnett for bustadar på sørsida takast til følgje. Omtale av forholdet, sjå kap. 3.9 i planomtalen.</p>
Eidsvik Eigedom AS, 14.08.2020	<p>Ser positivt på at Kvinnherad kommune har satt i gang planarbeid, slik at ein får til ein heilskapleg plan med infrastruktur som dekker kommunalt og privat område.</p> <p>Tomt 134/85 er i gjeldande plan avsett til «større industri» og vi ser for oss at tomta på 22 mål kan nyttast til ulike typar næring.</p> <p>Verftsområdet (134/44) på 17,5 mål, som har vore nytta til utrustning av større fiskefartøy, har i dag 3 verksemdar innan marine, havbruk og maritime og mekaniske verksemdar som leigetakarar. På sikt kan desse to områda utfylle kvarandre.</p> <p>Planutkastet er lite tilfredsstillande for Eidsvik Eigedom AS, og vi opplever at spørsmål/argument rundt forureining og grøntområde/buffer ikkje vert høyrte/besvart frå kommunen. Etter vårt syn oppkonstruerer kommunen eit forureinings-problem frå andre verksemdar på Børnes, og dette skal hindrast</p>	<p>Foto nytta i planomtalen er oppdatert og merka med fotograf sitt namn. Merknaden er tatt til følgje.</p> <p>Ei sone utanfor SK2-4 er regulert til hamneområde i sjø. Merknaden er tatt til følgje</p> <p>Krav til forureining og landskaps-elementa/ grøntområde må balanserast i planarbeidet. Innspel og signal frå regional mynde er lagt vekt på. I motsetning til Årsnes og Stripo, ligg Børnes eksponert ute på eit nes, og det er difor nødvendig å ta omsyn til fjernverknad og landskaps-elementa. Merknaden er ikkje tatt til følgje.</p>

ved å leggje inn eit 2 mål stort grøntområde på vår del (B7) av tomt 134/85, aust for Hjørnevåg. Det er mest vind frå sør og sørvest i området, noko som betyr at vinden står frå BN6 mot BN7 og ikkje motsett. Då vil sand, støv og bork frå tømmerkaien blåsa rett mot Hjørnevåg? I planutkastet er og tømmerkaien forlenga austover på delar av Hjørnevåg si tomt.

Når det gjeld grøntareal vist i strandsona så er dette grøntarealet ei blanding av fast fjell, steinrøyser. Litt furu, brake og bjørketre. Etter vårt syn burde dette vore erstatta med moglegheit til å byggja opp steinmurar (som på Årsnes og Husnes) og dermed få mykje betre utnytting av sjønært areal.

Viser til regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger:  
«kystsona skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling... Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringer i området kan utvikla seg vidare til å vera lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv.»

«næringsområde med tilgang til hamn/kai skapar ofte ei klyngedanning av verksemder innan same bransje... ved planlegging av nye eller utviding av eksisterande næringsområde, må behov for næringsutvikling og arbeidsplassar tilleggast vekt»

«næringsområder med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Samanheng mellom land- og sjøareal må ivaretakast.»

Strandsona mot aust er svært bratt og nærast utilgjengeleg, og vi kan ikkje sjå at den kan reknast som funksjonell strandsona. Om ein ser på strandsona rundt Børnes, med unntak av Mørkevågen, så er den ikkje nytta som rekreasjon, friluft, allmenn ferdsel eller badeområde.

Viser til Stripo eigeendom og Årsnes industriområde som begge er godkjent med 70% utnyttingsgrad. Vi meiner at Børnes må likestillast med desse.

Ber om at delar av sjøområde på austsida vert merka som hamn.


Dette med vegbreidde, gang- og sykkelveg, opparbeiding, vedlikehald synes uklart i planomtalen, og treng ei nærare avklaring før 2. gongshandsaming.

Planutkastet syner veg langs 134/66, det er vanskeleg å sjå om vegen ligg inne på 134/66, med vidare tilknytning til 134/44. Ber om eit møte om korleis dette er tenkt økonomisk og planmessig.

Foto nytta i planomtalen skal merkast med fotograf sitt namn: Frode Eidsvik

Ber om eit møte for gjennomgang av merknader.

Deler av utbetra standard og nytt fortau for f\_SKV3 ligg inne på gnr. 134/44. Vidare er tilkomst til BN10 og BN11 lagt over gnr. 134/44 og vidare på gnr. 134/34. Bakgrunnen for desse vala er tilpassingar til eksisterande infrastruktur, samt omsyn til stigningsforhold. Det er sett på mogleg tilkomst til BN10 og BN11 gjennom gnr. 134/1 søraust for BN10, men det gir ikkje akseptable stigningsforhold for tilkomst til næringsføremål.



Ein har hatt ønske om å regulere for god standard på vegane i næringsområdet, men at det ikkje alle stadar må byggjast med full breidde. Denne vurderinga må gjerast i høve til kva næringer som skal etablere seg, og kva dette utløyser av behov i samband med byggesøknad. Intensjonen og bakgrunn for opparbeiding og rekkefølgekrav er presisert ytterlegare i revidert planomtale og føresegner. Merknaden er delvis teke til følge.


<p>Eidsvik Eigedom AS, 05.09.2020</p>	<p>Viser til tidlegare innspel og møte med kommunen 4.sept. Ber om at næringsareala BN7, 9 og 12 kan ha verksemdar som også kan drive med handel. Det kan vera aktuelt å drive med sal, service retta mot fritidsbåt marknaden, privat og næringsmarknaden generelt. Det er det også for desse tomtane aktuelt med maritime og marine næringar. Samt at det må vera moglegheiter for andre næringar som av andre grunnar har behov for tilgang på kai og varar sjøvegen å etablere seg på tomtene. Børnes næringsområde må kunne utviklast til eit serviceområde/næringspark der ein servar ulike aktørar innan maritime og marine næringar, og det må ikkje setjast begrensingar til type næring eller industri i ein plan som skal vera framtidsretta.</p> <p>Eidsvik ser ikkje at dei må opparbeide vegbreidde på 7m og GS-veg på 3m. Og at dette må vurderast ut frå behov, tal arbeidsplassar og korleis ein reiser til/frå arbeid.</p>	<p>Ein vil halde på intensjonen om at desse områda skal prioriterast for verksemdar som må ha tilgang til kai/sjø, jf. også Fylkeskommunen sitt innspel. Innanfor alle BN-områda er det tillate med service og lagerverksemd, slik at deler av funksjonane Eidsvik ønskjer er mogleg. Ein har forståing for ønske om fleksibilitet sidan ein ikkje kjenner kva verksemdar som vil etablere seg i næringsområdet, men ein vurderer at det er andre areal som er betre eigna for konkret handelsverksemd enn desse. Merknaden er ikkje teke til følgje.</p> <p>Ein har hatt ønske om å regulere for god standard på vegane i næringsområdet, men at det ikkje alle stadar må byggjast med full breidde. Denne vurderinga må gjerast i høve til kva næringar som skal etablere seg, og kva dette utløyser av behov i samband med byggesøknad. Intensjonen og bakgrunn for opparbeiding og rekkefølgjekrav er presisert ytterlegare i revidert planomtale og føresegner. Merknaden er delvis teke til følgje.</p>
<p>Eidsvik Eigedom AS, 07.09.2020</p>	<p>Viser til tidlegare innspel og møte med kommunen 4.sept. Viser til område BN12, eksisterande næringsområde, der planforslaget gir at inntil 10% av arealet kan ha opptil 22m byggehøgde. Dette er i minste laget då det allereie er ein hall på 1000m<sup>2</sup> med høgde 22m. Ber om å auke dette til min. 25%.Viser til at dette arealet er regulert til «større industri» i gjeldande reguleringsplan, og ber om at det vert vidareført i ny plan.</p> <p>Eidsvik viser til at dei vart oppfordra til å dele opp tomte gnr. 134/85 i 2-3 areal med tenkt kotehøgde. Desse er no synt som BN7-9. Ber om at det må vera rom for korrigeringar av planeringshøgda med omsyn til kva type verksemd som vil etablere seg på området.</p>	<p>Omsyn til landskap og fjernverknad må balanserast i planarbeidet, sjå også signal frå og dialog med regional mynde. Børnes ligg eksponert ute på eit nes, og det er difor nødvendig å ta omsyn til fjernverknad. Ein vil difor ikkje auke areala som opnar for dei høgaste høgdena, enn i planforslaget. Merknaden er ikkje teke til følgje.</p> <p>For å avgrense landskapsverknadane er det spesifisert planeringshøgde på alle BN-områda. Det vil vera rom for noko tilpassingar, normalt +/- ½ meter. Merknaden er delvis teke til følgje.</p>
<p>Brødrene Hjørnevåg AS, 04.09.2020</p>	<p>Ser med undring på plandokumentet som føreligg, og er sterkt bekymra for vår framtid om denne planen vert vedteken. Ordlyden i planen samsvarer ikkje med det som tidlegare er uttalt og drøfta på ein del punkt.</p>	<p>Det er lagt føringar for at stein frå BN7, BN8 og BN9 skal fraktast til godkjent knuseverk eller til godkjent byggeplass utanfor planområdet. Det vert såleis ikkje opna for steinknuseverk innanfor planområdet.</p>

	<p>Vi driv med foredling av fisk- og fiskematproduksjon og har 12 tilsette. Det er kjekt at det i seinare år har vore interesse for å etablera seg på Børnes, og vi ser fram til at det kjem gode bedrifter her i framtida. Utfordrande med måten og tidsbruk for opparbeiding av tomter og manglande sluttfinish på desse. Mykje av areala er «grusdungar» og nytta til diverse lagring.</p> <p>Det er <u>ikkje</u> eit etablert steinknuseverk på Børnes, me bed difor om at ordlyden i planen vert omarbeida, samt at kommune får stansa det arbeidet som pågår på industriområdet. Ser fram til at det vert planert ut meir areal på Børnes, det må utarbeidast gode planar, og massane må så snart som mogleg fraktast ut frå industriområdet utan særleg bearbeiding. Viser til godkjent Steinknuseverk – Hardangerrock AS.</p> <p>Ser det som uheldig i ein overordna plan at det skal vera føringar mellom ulike areal på industriområdet når det gjeld stein og grus – massehandtering. Vi ber om at dette vert teke ut av planen. Slik det føreligg er dette til stor belastning for oss som driv næring, samt for bustadar og fritidsbustadar i nærleiken.</p> <p>Kan ikkje sjå at det er lagt føringar med tidsplan for opparbeiding av B7-B9 og SK2. Viktig at dette vert tatt med slik at påbegynt arbeid ikkje strekk ut i tid. Slikt arbeid bør ikkje føregå lenger enn 3 år?</p> <p>Meiner det er nyttig med buffer mellom ulike areal/ eigedommar. Har ingen stor meiningar om storleik eller korleis det vert opparbeidd, men rundt vår eigedom er det naturleg å bruke «skjæringane» i naturen. Vi ser fram til at det kjem større kai på industriområdet.</p> <p>Lagring og knusing av massar er vår største bekymring og gjer at vi er usikre for vår framtid på Børnes.</p> <p>Munnleg info frå Marit Hjørnevåg 14.10.20:  Er særst opptatt av renome og dei treng å flytte bedrifta dersom det fortsatt skal knusast stein på BN4. Dei er svært bekymra!  Dei ventar med investeringar på grunn av dette, og andre matbedrifter som ynskjer å etablere seg i lag med dei på Børnes, «sit på gjerdet å venter» av same grunn som Hjørnevåg.</p>	<p>Merknaden er tatt til følgje.</p> <p>Ei lokal verksemd har nytta eit mobilt knuseverk til å produsera pukk, grus, sand og singel innanfor BN4. Kommunen kjenner ikkje til at det gitt løyve til det mobile knuseverket. Viser til at det er Statsforvaltaren som gjev slike løyve. Planomtalen er justert med omsyn til massehandtering og bruk av begrep. Merknaden er tatt til følgje.</p> <p>Føringar om tidsplan for opparbeiding av BN7, BN8 og BN9 skal inngå i plan for massehandtering ved søknad. Merknaden er dels tatt til følgje.</p>
<p>Nancy S Christensen, 03.09.2020</p>	<p>Min eigedom, 134/73, vil bli vesentleg redusert av anlegg av gang- og sykkelveg med 3 meter breidde. Ønskjer difor at det blir murt opp ein høg mur på min eigedom langs gang- og sykkelvegen. Då kan mi bustadtomt framleis bli mogleg å bygge på. Eit alternativ til dette er at Kvinnherad kommune kjøper og løyser ut heile tomta mi.</p>	<p>Det er ikkje regulert inn mur, men reguleringsplanen utelukkar ikkje at det kan lagast mur i areal for anna vegggrunn. Forholdet må vurderast i samband med detaljprosjektering og byggeplan for samferdselsføremåla.</p> <p>Merknaden er ikkje tatt til følgje.</p>

<p>Otto Myklebust, 25.06.2020</p>	<p>Det er i planarbeidet forslag om å utvide fylkesveg, etablere gang- og sykkelveg og busslomme på min eigedom. Eg tykkjer dette vert for stort inngrep på min eigedom. Ved utvidinga vert avstanden til veganlegget redusert med 6 meter. Planforslaget medfører eit arealtap på om lag 15%, og vil føre til verdifall for min eigedom, noko som i så fall må kompenseras.</p> <p>Plassering av busslomme som foreslått er ikkje trafiksikkert, då den vert liggande på ein bakketopp og i ein høgresving. Den bør plasserast lengre mot Herøysund.</p> <p>Det er forslag om å fjerne eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen og etablere ny. Stiller spørsmål med kven som skal ha ansvar og vedlikehald for innkøyrsel etter at den er ferdig opparbeida. Dette må avklarast.</p> <p>Positivt at det er planar om etablering av gang- og sykkelveg.</p> <p>Manglande informasjon kring tiltak på støyskjerming. Etablering og utviding av næringsområdet på Børnes vil medføre auka støynivå i form av tungtransport, både under og etter arbeidsperiode. Etersom fylkesvegen skal utvidast mot vestleg husvegg, ynskjer eg at det skal koma ein detaljert plan for støyskjerming og opparbeiding av mur og hage.</p> <p>Det er i ettertid halde møte med grunneigarane, og det ligg føre møtereferat.</p>	<p>Merknad til endring av samferdselsføremåla kan ikkje takast til følge, og busslomma kan ikkje flyttast. Dette med omsyn til trafikktryggleik og standardar/krav i veghandbøker. Forholdet er drøfta med vegeigar, VLFK.</p> <p>Til spørsmål om kven som skal ha ansvar og vedlikehald for innkøyrsel etter at den er ferdig opparbeida. Kommunen opparbeider, men vegen må driftast privat.</p> <p>Det er GS-veg og ikkje fv. 500 som kjem nærare eigedommen. GS-vegen er forventa å ikkje generere særleg meir støy.</p> <p>Det er regulert mur mellom gang- og sykkelvegen og Myklebust sin eigedom, og dette vil vere med å skjerme mot støy. Merknaden er tatt til følge.</p>
<p>Otto Myklebust 09.09.2020</p>	<p>Myklebust informerer om korleis hans kloakkøysing er i området. Det er ein 75mm slange som går frå hans hus på Uskedalsvegen 747 og ned til Bjørn Inge Eik Gjerde sitt hus. Der er den koplå på 100 mm slange som er koplå til Eidsvik Skipsbyggeri sitt nett.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Egil Myhre, 06.09.2020</p>	<p>Som tinglyst rettighetshaver til å ta ut to nausttomter i eigedom 134/4 – som ligg inne i planområdet, har eg nokon spørsmål. Har tidlegare søkt om naust, men dette vart stoppa då det vart kravd reguleringsplan. Synes det er flott av kommunen velger å ta med naustarealet i reguleringsplan for Børnes.</p> <p>Ser at det er planlagt parkeringsplass for naustområdet, og at denne må vera på plass før nye tiltak kan godkjennast. Er det sett av midlar til dette? Kan dette evt. løysast ved disp frå rekkefølgjekrav eller mellombels opparbeiding av p-plass i nærleiken?</p> <p>Naustområdet ligg som næraste nabo til BN4 der det er tenkt steinknuseverk. Dette er særleg ugunstig og vil generere mykje støy og støvplager for alle som nyttar seg av naustområdet og bustader i nærleiken.</p> <p>Håpar at innspelet frå Hardanger Rock, alternativ 3 vert tilgodesett. Dette inneber at sprengstein/overskuddsmasse vert frakta ut av området og bearbeida i næraste godkjente mottak.</p>	<p>Det er føresett at kommunen opparbeider tilkomst og parkering, og at grunneigarane kjøper seg parkeringsplass til nausttomtene.</p> <p>Det er lagt føringar for at stein frå BN7, BN8 og BN9 skal fraktast til godkjent knuseverk eller til godkjent byggeplass utanfor planområdet. Det vert såleis ikkje opna for steinknuseverk innanfor planområdet. Merknaden er tatt til følge.</p>

<p>Svanhild Haugland, 06.07.2020</p>	<p>Haugland er eigar av 134/11 på nedsida i Svingen, og har to nausttomter i Mørkevågen. Den eine naustomta kjøpte dei saman med hytta, og meiner at parkeringsplassen med hytta og er parkeringsplass for nausttomta. Den andre nausttomta har opparbeidd parkeringsplass der busslomma no kjem. Begge desse parkeringsplassane kan forsvinna i vegutbetring og busslomme. Dei synes difor det er urimeleg at dei skal betale for opparbeiding av nye parkeringsplassar i og med at kommunen tar dei vi har. Men ser og positivt på at kommunen tenkjer på dei og legg til rette for ny parkeringsplass inne på industriområdet. Dei ynskjer også å melda frå om at dei synest det er urimeleg at kommunen seier at det er byggjeforbod fram til parkeringsplassen er klar. Dette grunna i at dei har parkeringsplassar som kan brukast til det evt. skjer ei vegutbetring. Dei håpar på dispensasjon frå dette kravet.</p>	<p>Erstatning for eksisterande parkeringsplass er forhold som kommunen si eigedomsavdeling må ta stilling til ved førespurnad. Det kan verta utbyggjar som erstattar parkeringa Haugland har i dag, men dette er forhold som er privatrettsleg, og som reguleringsplanen ikkje tar stilling til. Vidare er kommunen samd i at tinglyst erklæring på eksisterande parkeringsplassar kan leggst fram som dokumentasjon i ev. byggjesak, men det må søkjast om dispensasjon frå 1) plankravet som gjeld for naustområdet før ny reguleringsplan er vedteke, eller 2) dersom ny parkeringsplass ikkje er etablert, dispensasjon frå rekkefølgekrav. Utfallet av søknaden kan ikkje forskotterast.</p>
<p>Ove Magne Myhre m.fl., 02.09.2020</p>	<p>Ser det som svært positivt at det vert grøntareal på vestleg del av området (Klubben) som ei skjerming mot Mørkevågen og fritids/naustområdet der. Er og positive til at næringsområdet blir tilrettelagt og det vert etablert verdifulle arbeidsplassar. Ser og fram til etablering av fortau og nytt busstopp. Ser det som uheldig å etablere midlertidig knuseverk på BN4 nær bebyggelse, fritidsbustadar og friområde. Det bør koma klart fram kva midlertidig er – 1 mnd., eit halvt år, 5 år? Dette må det settast klare føringar for.</p> <p>Alle nye reguleringsplanar bør visa støysonekart. I område BN4 bør det utførast berekningar av støy/støv før det vert gjeve tillating til drift av steinknuseverk.</p> <p>Eksisterande overvassleidning frå øvre del er i dag ført mot bekken som renn ned til Mørkevågen, dette meiner vi ikkje er ei god løysing. Når arealet vert asfaltet, og ved stor nedbørsmengd vert det stor vassføring i bekken som kan føre til utgraving ved to naust i Mørkevågen. Når det no er planlagt ny veg i området meiner vi at overvassleidninga kan følgje denne ned i området og vidare til eksisterande overvassleidning som planen viser.</p>	<p>Det er lagt føringar for at stein frå BN7, BN8 og BN9 skal fraktast til godkjent knuseverk eller til godkjent byggeplass utanfor planområdet. Det vert såleis ikkje opna for steinknuseverk innanfor planområdet. Føringar om tidsplan for opparbeiding av BN7, BN8 og BN9 skal inngå i plan for massehandtering ved søknad. Merknaden er tatt til følgje.</p> <p>Føresegnene sett krav om støykartlegging.</p> <p>Eksisterande overvassleidning frå øvre del er i dag ført mot bekken som renn ned til Mørkevågen. Med nytt overvasssystem vert deler av overvatnet frå næringsområda ført mot vest og noko mot aust. Omtale av forholdet, sjå kap. 3.9 i planomtalen.</p>
<p>Ove Magne Myhre, 01.09.2020</p>	<p>I kommuneplan for Mørkevågen er det sett av eit areal til naustføremål, med eit stort tilgrensande areal som er regulert til park/friareal. Heile dette området er teke frå min eigedom, 134/4. I naustområdet som eg eig er det etter mi vurdering plass til å dele frå tre nausttomter. Planforslaget regulerer to av tomtene til grønt(friareal slik at desse ikkje kan nyttast til naust.</p> <p>Merknad/forslag til løysing:</p>	<p>Merknaden er ikkje teke til følgje. Dette med bakgrunn i gjeldande kommuneplan. Grøntarealet i nord er ikkje eigna som areal for ålmenta då det er bratt fjell rett i sjø, og områda bak 134/2 og 77 ligg ikkje til sjø og kan ikkje teljast med.</p>

Grøntareal mellom eksisterande naust på 134/4 og naust på 134/5, bak naust på 134/5 og 134/77 og inn på 134/2 bort til grense for 134/88. På 134/2 legg ein grøntareal i frå bakre byggegrense til formålsgrænse for naustareal, på eigedomen vil det då framleis vera plass å bygge så stort naust som er tillate i området, ved evt. bygging på 134/2 og 134/77 er det ved rett plassering av nausta lett å lage opning for tilkomst til sjø for bading etc. Ved bruk av grøntareal/friareal mellom eigedomane 134/4 og 134/5 er det tilkomst til sjø/badestrand her.




Tveiten Maskin AS,  
04.09.2020

Eigar av tomt 134/104 har følgjande merknader:  
Ved ny reguleringsplan mister eg mykje areal da gangveg og svingradius er lagt inn på tomta. Eg har førespurt å få kjøpa tilleggstomta som eg har tilbod på frå Kvinnherad kommune, ventar på tilbakemelding. Eg har stort behov for meir areal med tanke på nybygg og plassering av dette. For meg er det ikkje aktuelt å frigi areal til fortau og svingradius, eg treng alt av det arealet eg har. Dersom dette skal gjerast må det kompensast med tilleggsareal i motsett ende av tomta. Eg har brukt mykje ressursar og kapital for å opparbeida tomta. Eg er fortsett interessert i å kjøpe tilleggsareal som vist i kartskisje.


Eksisterande eller nye eigedomsgrenser er ikkje regulert plankartet slik at kjøp og sal er mogleg å gjennomføre. Kjøp og sal må takast direkte med eigedomsavdelinga i kommunen.

Endring av vegføremål for å tilpasse eksisterande eigedomsstruktur er ikkje teke til følgje.

<p>X-Eigedom AS/ Fonnafjord Næringspark AS, 20.08.2020</p>	<p>Eigar av 134/99,101 og 102. Angående BN1, ber om at bilar, båtar og hagesenter vert teke inn i reguleringsplanen ihht. Regionale føresegner for arealbruk pkt. 4.1. Rekkefølgjekrav: Ut frå planutkastet oppfattar me at fylgjande tolking gjeld: -Veg, inkludert fortau og gang- og sykkelveg som er sett av som offentlig veg vert å kosta av Kvinnherad kommune -Vedr. Pkt. 10.1 Utbetringstiltak av fv. 500; det er ikkje sett krav om tidspunkt for gjennomføring av tiltak, det er ikkje krav om at grunneigarane på Børnes Næringsområde skal kosta tiltaket, det er ikkje krav om at tiltaket er gjennomført før tiltak elles på næringsområdet kan gjennomførast. Grøntstrukturen mot vest er større i forslag til plan enn i eksisterande plan. Me ber om at planområdet (BN1) vert utvida som vist nedanfor. Me foreslå og å fjerna krav om grøntstruktur fram mot fylkesvegen. Slik det er foreslått, og framstår i dag, vil dette vera eit ingenmannsland som ingen har ansvaret for og som vil gro til. Dette er generelt uheldig, og spesielt ikkje sidan det vert opna for visse former for handel på BN1. Dette vil krevja at eigedomen er synleg frå veggen.</p> 	<p>Føresegn knytt til BN1-2 er oppdatert ihht. Regional plan for attraktive senter. Bilar, båtar og hagesenter takast er teke inn i føresegnene. Merknaden er tatt til følge.</p> <p>Grøntstrukturen mot vest er større i eksisterande plan enn i forslag til ny plan. BN1 vert likevel ikkje utvida slik merknaden viser, fordi topografien tilseier at det ikkje bør fyllast og murast her. Merknaden er ikkje tatt til følge.</p> <p>Kommunen har forståing for at ein ynskjer å halde orden på vegetasjonen slik at eigedommane er synleg frå veggen. Grøntareal mellom BN1 og Fv 500 er endra til næringsføremål, med krav om å halde område mellom byggegrense og Fv 500 i hevd og ryddig. Byggegrense mot Fv 500 er ikkje endra. Merknaden er tatt til følge.</p>
<p>Rune Hjørnevåg, 07.09.2020</p>	<p>Eigar av 134/93, i plan omtala som BN5. Er kjent med at Kvinnherad kommune har vegrett gjennom tomte. Det som no ligg til grunn i plan, med vei på 5 meter midt i tomte, vil forringe eigedomen. Eg ber om at vi finn ei anna løysing der tomte mi ikkje vert delt i to av ein veg. Det er og eit avløpsrør gjennom tomte som gjer at eg ikkje kan bygge på delar av denne.</p> <p>Eg ser at det på BN4 skal drivast med steinknusing og lagring av stein. Dette vil forringe bruksverdien på mi tomt.</p>	<p>Det må vera tilkomst for slambil inn på området. Høgdeforskjell til hovudvegen gjer det vanskeleg å flytte på eksisterande avkøyring (regulert veg). Det er etablert overvassleidning tvers gjennom området. Denne kan sanerast når overvass-system langs hovudvegen vert etablert og oppgradert. Merknaden er delvis tatt til følge.</p> <p>Det er lagt føringar for at stein frå BN7, BN8 og BN9 skal fraktast til godkjent knuseverk eller til godkjent</p>



		<p>byggeplass utanfor planområdet. Det vert såleis ikkje opna for steinknuseverk innanfor planområdet. Føringer om tidsplan for opparbeiding av BN7, BN8 og BN9 skal inngå i plan for massehandtering ved søknad. Merknaden er tatt til følgje.</p>
<p>Hardanger Rock AS, 30.07.2020</p>	<p>Er svært positive til utviklinga som no skjer på Børnes. Mangel på nye næringsareal har vore utfordrande for næringslivet og kommunen over lengre tid.</p> <p>Vi har innspel til korleis ein kan handtera overskotsmassane:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bore &amp; sprengje massen og deponere denne i sjøen for å lage nytt næringsareal. Anerkjent og mykje nytta metode, men ein må finne områder med rett djupne som gjer at ein får til eit tilleggsareal gjennom å deponere 100 000 m<sup>3</sup> i sjø.</li> <li>2. Bore &amp; sprengje massen for å knuse massen på staden og selje den i marknaden. Tradisjonell måte å frigjera areal ved knusing på staden for å sela dei knuste massane.</li> <li>3. Bore &amp; sprengje massen for så transportere den bort frå området. Rask måte for å få etablert nye næringsareal, men må finnast brukande anvending for dei sprengte massane utanfor næringsområdet.</li> </ol> <p>Ut frå erfaringstal kan det ta over 10 år med lokal knusing før alle områda på Børnes er ferdigstilt.</p> <p>Hardanger Rock AS kan vera ein del av løysinga ved at me kan ta imot relativt store mengder sprengd stein ved anlegget i Omvikdalen. Dette betingar at fjellets eigenskapar møter kravet til kvalitet. Dette betyr at næringsareala kan ferdigstillast over ein tidsperiode på 3 – 5 år. Denne løysinga vil delvis eliminere utfordringa med støv og støy, samt gje ei raskare ferdigstilling av nye næringsareal dersom det er prioritet.</p> <p>Ei kombinasjon mellom alternativ 2 og 3 er og mogleg, men då er me redd Minerallova § 3 og § 43 vil verta nytta av Fylkesmannen/DIRMIN, og ein kan risikera at det vert stilt krav om driftskonsesjon for å sprengje fjellet.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Torkel Stensletten, merknad 1, 02.07.2020</p>	<p>Vern av særmerkt landemerke på Børnes. Gjer merksam på at ytst på det nordaustlege neset på Børnes, ligg ein stor stein med ei særmerkt utforming. Han ligg i området som er merkt G3 i plankartet, heilt ned mot fjøra. Steinen har i fleire generasjonar hatt namnet Båresteinen, og er eit kjent merke for alle som ferdast på sjøen framom Børnes. Steinen er dokumentert i innsamlinga av lokale stadnamn som kommunen gjorde i 1970-åra. Steinen har desse måla: høgde 1,08 m, kant mot sør 2,85 m, kant mot aust 2,80 m, kant mot vest 2,70</p>	<p>Merknaden er tatt til følgje i føresegn og planomtale under G3 kap. 3.4.</p>

	<p>m, kant mot nord 1,60 m. Det mest særmerkte er at steinen er helt flat og tilnærma i vater. Det er viktig at denne steinen vert liggjande slik den gjer i dag, og ikkje vert skipla av arbeidet som skal utførast. I og med at det meste av landskapet på Børnes vert rasert, er det viktig at slike landemerke vert tekne vare på. Det er eit viktig og kjært landemerke for alle som har vakse opp i denne delen av bygda.</p>	
<p>Torkel Stensletten, merknad 2, 06.07.2020</p>	<p>Mellombels steinknuseverk I planforslaget er det fleire stadar omtala mellombels steinknuseverk. Kommunen skriv at det ikkje er søkt om å etablere steinknuseverk på Børnes, det er gjeve løyve til å planere eigedommar, og eit steinknuseverk er etablert utan søknad. Kommunen skriv vidare om vilkåra for å drive masseuttak og steinknusing, særleg om driftstider. Det er og skrive om støymålingar og miljøretta tiltak. Her må kommunen etter mitt skjønns retta seg etter lovverket som er å finna. I § 30-1, 2. avsnitt i forureiningsforskrifta står: «midlertidige/mobile virksomheter regnes som stasjonære etter at virksomheten har foregått på same sted i mer enn et år.» Då det noverande knuseverket har vore i drift i meir enn eitt år, er det å betrakte som stasjonært, og meldepliktig til fylkesmannen. § 30-7 gjev definerte grenseverdiar for støy målt hjå næraste nabo. Verksemdar med mindre enn 500 m til næraste nabo skal føreta støvnedfallsmålingar. Mange eigedomar på Steinsletto ligg innanfor avstanden på 500 m.</p>  <p>Vi som naboar innanfor den definerte avstanden, ventar av kommunen syt for at lovverket blir følgt, og at kontrollar blir utført slik lovverket gjev pålegg om.</p>	<p>Det er lagt føringar for at stein frå BN7, BN8 og BN9 skal fraktast til godkjent knuseverk eller til godkjent byggeplass utanfor planområdet. Det vert såleis ikkje opna for steinknuseverk innanfor planområdet. Føringar om tidsplan for opparbeiding av BN7, BN8 og BN9 skal inngå i plan for massehandtering ved søknad. Merknaden er tatt til følgje.</p> <p>Det er sett krav i føresegnene til samla belastning av støy. Merknaden er tatt til følgje.</p>

Torkel Stensletten, merknad 3, 14.07.2020	Omregulering av bustadeigedomar I planforslaget vert det argumenter for kvifor dei to bustadeigedomane som ligg innanfor planområdet ikkje kan vidareførast som bustader. Eg viser til innsendte synspunkt 15.08.2019. Eg tek til orientering av argumenta mine for å vidareføra dei to eigedomane som bustader i tråd med kommuneplanen, ikkje nådde fram. Det er tydeleg at argumenta til eigarane av næringseigedomane har fått gjennomslag.	Tatt til orientering.
Brødrene Hjønnevåg og Eidsvik Eigedom 14.09.2020	Dette er ein felles uttale knytt til buffersone mellom areal BN6 og BN7. Avhengig av vegplassering og kotehøgder mellom areala vil dei i fellesskap finne løysingar med beplanting, for eksempel hekk i grensa mellom areala. Plassering av bygningar på BN7 vil også kunne vera ein form for buffer. I samband med dette kan det vera aktuelt med grensejusteringar.	Tatt til orientering.

#### OFFENTLEGE MERKNADAR

Statens vegvesen, 03.09.2020	Planen erstattar noverande reguleringsplan for Børnes næringsområde. Planframlegget er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen. Deler av fv. 500 med busslommar og gangveg er teke med i planen. Vi forventar av den delen av planen som omfattar fylkesvegen blir avklara med vegeigar, som er Vestland fylkeskommune. Elles har vi ikkje merknader til planframlegget.	Til orientering.
Vestland fylkeskommune, 09.09.2020	<p><u>Strandsone</u>: I saka er det ope kva for bedrifter som skal kunna etablera seg. Vi meiner at det bør vera ein føresetnad at bedrifter som ein lokaliserer i strandsona skal vera avhengig av direkte nærleik til sjøen i si verksemd. Næring som ikkje er avhengig av sjøtilkomst bør etablere seg i andre næringsområde. Dette bør inngå i føresegnene.</p> <p><u>Veg og infrastruktur</u>: Positive til at det ver tilrettelagt for mjuke trafikantar langs fv. 500 og planlagt for etablering av busslomme. Vi vil likevel minne om at vegeigar på noverande tidspunkt ikkje har løyvd midlar til realisering av desse tiltaka. Svingradius i avkøyrslene/krysset mellom industriområdet og fv. 500 må førast på kartet. Det regulerte fotgjengarfeltet på o_SKV1 kan takast vekk. Fotgjengarfeltet bør lokaliserast lenger inne på o_SKV1 for å hindre at trafikk frå fv. 500 og inn på veg o_SKV1 skapar trafikkfarlege situasjonar, eller forstyrrar trafikkflyten på fylkesvegen. Endeleg lokalisering kan avgjerast i byggefasen, og treng ikkje regulerast i plankartet.</p> <p>I § 10.1 i føresegna kjem det ikkje klart fram kor tid rekkefylgjekravet må innfriast. Fylkeskommunen ber om at det ikkje vert tillate utvida aktivitet i industriområdet før avkøyeringa frå fv. 500 vert utbetra.</p>	<p>Føresegnene er oppdatert med omsyn til type verksemdar som kan etablerast innanfor BN9 og 12. Merknaden er tatt til følgje.</p> <p>Plankart er oppdatert med svingradius i avkøyrslene/krysset mellom industriområdet og fv. 500 og fotgjengarfeltet på o_SKV1 er teke ut. I vegteikning er fotgjengarfeltet illustrert og flytta lenger inne på o_SKV1. Ein legg til grunn at endeleg lokalisering avgjerast i byggefasen.</p> <p>Føresegner er oppdatert med rekkefylgjekrav slik at det ikkje vert tillate utvida aktivitet i industriområdet før avkøyeringa frå fv. 500 vert utbetra.</p> <p>Det er søkt fråvik frå avvika i handbok N100</p>

	<p>Dei omtala avvika frå handbok N100 må det søkjast om fråvik frå hjå fylkeskommunen si fråviksgruppe. Fråviksgruppa vil avgjere om foreslått avbøtande tiltak kan akseptast, men i utgangspunktet er det ikkje nok å endre på fartsgrensa. Planen kan ikkje vedtakast før fråvikssøknaden er handtert.</p> <p><u>Kulturarv</u>: sakshandsamar har fått oversendt dronfotograf over planområdet som syner at skogen er fjerna og området rydda. Det er uheldig at sånt vert gjort før ein har fått høve til å synfare området. Med overdekninga på det rydda arealet har vore ganske grunn i utgangspunktet, så potensialet for funn ser ut til å ha vore særst lite.</p> <p>Under opparbeiding av feltet må ein søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk, elles minner vi på kulturminnelova § 8, 2. ledd. Ber om at desse merknadane vert teke omsyn til i prosessen vidare.</p>	<p>Sikra i føresegnene at under opparbeiding av feltet skal ein søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk.</p>
<p>Fiskeridirektoratet, 04.08.2020</p>	<p>Forslag til endring av føresegn 7.1.3: «Område i Mørkevågen, vest i planområdet, er registrert som kaste- og låssettingsplass i Fiskeridirektoratet sin database, og nyttast periodevis som kast- og låssettingsplass, inklusiv fiske med lys. Tiltak som kan verka negativt på dette må motverkast. Det er ikkje ankringsforbod i området.»</p> <p>Minner om avstandsreglane i havressurslova, § 27: «Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøyde i land eller oppankra på annan måte.» Vil også minne om at fisk i steng er sårbare for sprenging og nærliggande utfylling i sjø.</p> <p>Sjøleidningar kan leggjast ut etter at desse tiltaka har vore på høyring til aktuelle fagmynde. Sjøleidningar må vera forankra på ein slik måte at dei ikkje heftar fiskereiskap. Vi ser det difor slik at tiltaket ikkje kjem i direkte konflikt med fiskeriinteressene i området med unntak av låssettingsplassen nemnd ovanfor.</p>	<p>Merknaden er tatt til følgje. Føresegn 7.1.3 er justert.</p>
<p>Mattilsynet, 22.06.2020</p>	<p>Mattilsynet tilrår at det i samanheng med Børnes næringsområde utarbeidast rekkefølgjekrav for tilstrekkeleg og sikker tilgang på drikkevatt på eit tidleg nivå i planen.</p>	<p>Takast til følgje men er ivaretatt i pbl kapittel 27.</p> <p>Kommunen er i dialog med Uskedal vassverk for å drøfte ulike alternativ for utbetring. Kommunen ser at tiltak som Uskedal vassverk planlegg er innfallsport til å løyse situasjonen i området. Omtale av forholdet, sjå kap. 3.9 i planomtalen.</p>

<p>Kvinnherad kommune v/ Svein Are Furdal 17.09.2020</p>	<p>Ber om at deler av gnr. 134/34 som er foreslått som BN2 vert endra til føremålet offentleg tenesteyting.</p>	<p>Merknaden er trekt tilbake.</p>
<p>Fiskarlaget vest 07.09.2020</p>	<p>Fiskarlaget Vest viser til Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy som viser at det er kaste- /låssettingsplass i reguleringsområde, samt reketrålfelt og område for aktive og passive fiskereiskap like ved. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps. Fiskarlaget Vest stillar seg bak Fiskeridirektoratet region Vest sin uttale og deira oppmoding om å endre føresegn 7.1.3. Dei føreset at forureining frå området blir avgrensa mest mogleg. Ved utfylling i sjø må det nyttast reine massar og arbeidet må utførast på ein måte som avgrensar partikkelspreiing. Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid. I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.</p>	<p>Tatt til orientering. Ved utfylling i sjø skal det nyttast reine massar og arbeidet skal utførast på ein måte som avgrensar partikkelspreiing.</p>
<p>Fylkesmannen Vestland  Dialogmøte 18.09.2020. Referat 23.09.2020</p>	<p>FMVE stilte spørsmål til om plandokumenta i nødvendig grad skildrar tilhøvet mellom kommuneplanen og den nye reguleringsplanen, om det er motstrid, og om konsekvensane av å ta i bruk meir strandsone er godt nok utgreidd. Han lurte også på om det var viktig for kommunen å ta i bruk meir strandsone slik det er foreslått. Konsekvensutreiinga er særskild viktig, og peika på viktige ved å ta vare på landskapselementa, og tilgang for ålmenta der det er aktuelt. Grøntområde ved Klubben blei drøfta og konstatert at dette ikkje er noko statleg sikra område. FMVE påpeika at landskapsverkandane og fjernverkandane er viktige. FMVE var oppteke av tema om ålmenn tilgang, og at ein generelt må vurdere kvar det er aktuelt og ikkje. Byggehøgder/utnytting ved sjøområdet vil ha ein negativ verknad, og det vil det vere desto viktigare å behalde ein buffersone og landskapselementa. FMVE vurderte korleis dei skal forholde seg til denne store utbygginga ute på neset, og drøfta seg i mellom i kva grad ein bør «slost» for dette landskapselementet som neset utgjør. FMVE var nøgd med korleis føresegnene tek i vare tema om og drift av steinknuseverket. Det blei drøfta tema kring kor lenge ei slik drift vil pågå, om all steinen bør knusast på Børnes og om det kunne vere eit alternativ å frakte</p>	<p>Kvalitetskontroll av dokumenta ihht. konsekvensane av å ta i bruk meir strandsone er godt nok utgreidd.</p> <p>Kommunen ynskjer å bruke det handlingsrommet ein har gjennom Regional kystsoneplan, og legge til rette for maritime næringsområde og arbeidsplassar. Ny kai vil kommunen særskild gjerne regulere for, og attraktive næringsområde med tilgang til sjø har ei konkurranseføremon for maritim næringsutvikling. Hamn/kai på austsida av Børneset ligg i tillegg i le for vestavinden, noko som er særskild positivt, for vinden kan ofte er ei utfordring på staden.</p> <p>Kommunen søkjer å gjere dette på ein så god måte som mogeleg og vil balansere utbygginga ved å ta i vare landskapselementa på nordaust-sida av Børnes.</p>

	<p>steinen til anna knuseverk. Tema om støy og om det er godt nok ivareteke i plandokumenta blei drøfta, og kommunen vil sjekke ut om ein kan formulere seg betre. Dette er likevel sett klare rammer for jf. TEK17 m.m. FMVE presiserte at folkehelse og støy heng tett saman, og at verknadane må vere kjent og må vere forsvarlege.</p>	<p>Landskapsverkandane og fjernverkandane er viktige, og byggehøgder på BN9 vert difor avtrappa i høve til høyringsforslaget. Konsekvensar er vurdert og ein endrar til ei nedtrapping innanfor BN9; 23m innanfor #2 nærmast eksisterande næringsområde, og vidare nedtrapping utover neset frå 18m til 12m. Ein meiner negativ fjernverkanden no blir godt betra.</p>
<p>Fylkesmannen Vestland 25.09.2020</p>	<p>FMVE viser til at kaiområde og utviding av eksisterande kaiområde ikkje er i samsvar med KPA, og er ikkje negativ til at ein totalt utvidar areal til kai i planområdet noko (SK1, SK3 og SK4). Nordvest i planområdet er det lagt inn grøntområde i strandsona, og i forslaget er deler av dette planlagt til kai SK2. Ein må vurdere konsekvensane av tiltaket grundig dersom ein vil fråvike KPA. Nedbygging av dette området vil ha uheldige negative verknadar for landskap og vil redusere tilgang til sjø for ålmenta i området ytterlegare. Det er viktig å ta i vare landskapselementa i området. Kaien og næringsbygga vil vera godt synlege frå Uskedalen sentrum, og FMVE rår kommunen til å vurdere verknadane for landskap grundig med omsyn til dei negative fjernverknadane som kai SK2 og tillatt byggehøgde på BN9 vil gje.</p> <p>FMVE meiner støy er for lite omtalt i planforslaget, bortsett frå støy frå knuseverket. FMVE meiner det må gjerast greie for samla støybelastning frå heile næringsområdet og ev. verknadar dette har for nærliggjande bustadar. Det er vist til støyretningslinje T-1442 som er rettleiande, ikkje rettsleg bindande. I planar, der støy er tema, skal ha føresegner om støy i samsvar med det "slingringsrommet" som er gjeve i T-1442 og desse føresegnene blir då juridisk bindande for planen. Folkehelse og støy heng tett saman, og støyverknader industriområdet vil ha på omgjevnadene må vere kjent og må vere forsvarlege. Det må være tydelege rammer for støy frå næringsområdet, og dette må sikrast i føresegna.</p> <p>Dersom ein skal regulere inn eit areal til offentleg tenesteyting i planforslaget vil det være viktig å avklare ulike tilhøve som vegføring og framkomme, sikkerheitssone og støysone. I tillegg må gjeldande særlover og forskrifter følgjast.</p> <p>Det vart einigheit om at FMVE ville sende over merknader til planforslaget slik det no ligg føre, og at kommunen deretter ville vurdere desse og arbeide vidare med planen som tilsvar til våre merknader. FMVE legg då til grunn at kommunen har utsett medverknaden i saka. Dette gjeld òg retten til ev. å fremje motsegn, fram til endra planforslag ligg føre og FMVE har gitt endeleg uttale. FMVE vil elles vere opne for ein vidare dialog i denne fasen, dersom kommunen ønskjer det.</p>	<p>Kvalitetskontroll av dokumenta utført ihht. tema om støy.</p> <p>Etter møta med fylkesmannen er halde, er opning for steinknuseverk for delar av steinmassane teke ut av planforslaget på grunn av sterke merknadar kring dette temaet. Dette er likevel ikkje nokon av ankepunktta til Statsforvaltaren, og plandokumenta er reviderte ut frå dette.</p>

<p>Statsforvaltaren Vestland (tidl. Fylkesmannen) 04.01.2020</p>	<p>Statsforvaltaren viser til tidlegare uttalar, og særleg grøntområde i strandsona, og landskap. Det vert synt til revidert planforslag, og det no tek i mykje større grad omsyn til landskapselementa i området og fjernverknad. Statsforvaltaren vil difor ikkje være negativ til storleiken på grøntområdet G3 vert redusert noko, slik det no vert lagt opp til i revidert planforslag, dersom ein held seg innanfor den bygghøgde som det er lagt opp til i planforslaget. Vidare er det vist til deira uttale omkring støy frå næringsområdet, og at støytilløve er i det reviderte planforslaget konkretisert og definert i føresegna. Statsforvaltaren har difor ikkje lenger merknader til dette. Statsforvaltaren har elles ingen særskilde merknader til revidert planforslag.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
--	--	------------------------------